

Reiserekningsskjema

Les rettleiinga på baksida før du fyller ut skjemaet.

Motteke

Kto **7110**

Avd

Bilagsnr **IF**

Namn:	Kontonummer:
Adresse:	Postnr./stad:
Telefon:	E-post:

Eg har vore på:	frå dato:	til dato:
-----------------	-----------	-----------

Reisemåte	frå	til	kr
SUM:			

Billegaste reisemåte er med:	Ikkje skriv her
som kostar totalt: _____ kr	
Eg fór ikkje med billegaste reisemåte fordi: (her fyller du ut dersom du ikkje for med billegaste reisemåte, men likevel vil ha alle utlogene refundert)	
Eg skal ha tilbake: _____ kr	

Alle kvitteringar og bilag skal festast til baksida eller eit eige ark. Sjå rettleiinga på baksida eller ring til skrifvarstova om du lurar på noko. OBS: Krav om reisedekking som ikkje er motteke innan éin månad, vert rekna for avskrive.

Stad _____ Dato _____ Underskrift _____

Stadfesting frå ansvarleg i NMU:

Rettleiing til reiserekningsskjemaet

Fire ekstra viktige bod fyrst:

1. Dersom du ikkje sender inn krav om reisedekking **innan ein månad** etter tilskipinga/reisa, vert kravet rekna som avskrive.
2. Ikkje skriv noko i dei grå boksane, dei er til bruk for den som hand-samar reiserekninga di.
3. Fest kvitteringane **med teip** på denne baksida. Får du ikkje plass til alle, kan du halda fram på eit blankt ark, som du stiftar fast øvst i venstre hjørne. **Pass på at teipen ikkje dekkjer noko av teksten eller tala på kvitteringane.** Då vert denne teksten uleseleg etter kort tid. Dersom tala på ei kvittering er «viska ut» av uvettig teiping, risikerer du å **ikkje få refundert** utloga som kvitteringa skulle dokumentera.
4. Skriv pent. Uleselege krav vert ikkje refunderte.

Deretter tek me skjemaet steg for steg:

Namn, kontaktinformasjon, kontonummer, tilskiping, dato:

Må fyllast ut. Enkelt og greitt. Ver ekstra nøye med å skriva korrekt kontonummer – elles vert det ikkje lett å gje deg pengar tilbake ...

Utloger

Skriv opp utlogene dine i kronologisk rekkjefylgje. Dersom du har fleire reisestrekk/billettar enn du får plass til på eitt skjema, held du fram på eit nytt skjema (då stiftar du skjemaa saman øvst i venstre hjørne, og markerer dei med «1/2» og «2/2»). Kvitteringane teipar du fast slik det er forklårt i punkt nummer tre øvst i rettleiinga. Stift til slutt alle ark saman øvst i venstre hjørne, elles er det lett at noko forsvinn.

Billegaste reisemåte

NMU dekkjer berre billegaste reisemåte om ikkje anna er avtalt på førehand. Skriv inn kva som er billegaste reisemåte og kor mykje det kostar. Om du meiner du skal ha dekt meir enn billegaste reisemåte, må du skriva kvifor.

Til slutt

Hugs å skriva kor mykje du meiner du skal ha attende, og skriv under med dato og stad til slutt.

Dersom du lurar på noko er det berre å ringja til skrifvarstova.